

STATUTTAR FOR UNIVERSITETSFONDETS PRIS FOR FORMIDLING OG SAMFUNNSENGASJEMENT

§1. Formål

Prisen for formidling og samfunnsengasjement er oppretta av Universitetsfondet for Rogaland AS (Universitetsfondet). Den har til formål å fremje framifrå formidling og samfunnsengasjement ved Universitetet i Stavanger (UiS).

§2. Om prisen

Prisen skal stimulere til forskingsformidling/-kommunikasjon, kunstnarisk formidling og samfunnsengasjement. Med forskingsformidling/-kommunikasjon og kunstnarisk formidling er meint alle former for formidling frå kandidaten sitt eige fagfelt til allmenta og/eller eksterne brukargrupper. Inkludert i samfunnsengasjement er òg deltaking i samfunnsdebatten, samarbeid med samfunns- og næringslivet og deltaking i styrer og offentlege råd/utval.

Prisen er ein ærespris for tilsette og studentar som dei siste åra, og særleg for det kalenderåret prisen gjeld, har utmerka seg innanfor desse områda. Prisen kan tildelast ein tilsett, student eller grupper av desse ved UiS.

Prisen består av eit diplom og eit stipend frå Universitetsfondet.

§3. Forslagsrett

Studentar, tilsette og organisatoriske einingar ved UiS kan nominere kandidatar til prisen. Nominering av kandidatar til prisen skal skje innan 1. mai i det påfølgande kalenderåret som prisen gjeld for.

Forslag skal vere grunngjevne og dokumentert i form av:

- Kandidatens formidlingsverksemd
- Kandidatens samfunnsengasjement
- Kandidatens profil i offentlegheita og hos brukargrupper

§4. Behandling av forslag

Kandidatar blir vurdert av ein jury som består av rektor (juryleiar), ein representant frå Universitetsfondet, ein representant frå media, to representantar frå dei vitskapleg tilsette og leiar av Studentorganisasjonen StOr. Juryen peikar ut prisvinnaren.

Sekretariat for prisen er Avdeling for kommunikasjon og samfunnskontakt. Namnet på prisvinnaren blir først gjort kjend under sjølve prisutdelinga.

§5. Prisutdeling

Prisen blir delt ut av ein representant frå Universitetsfondet under den offisielle semesteropninga ved UiS i august kvart år.

§6. Fastsetting av statuttar

Styret ved Universitetet i Stavanger fastset statuttar for prisen. Rektor har fullmakt til å foreta nødvendige justeringar i statuttane.

Vedtatt av UiS-styret 11. mars 2021